

Generelle retningslinjer

Eit godt resultat av ei mikrobiologisk undersøking føreset:

- Ein fornuftig indikasjon for undersøkinga
- At prøvematerialet er representativt for den aktuelle infeksjonen
- At det er tilstrekkeleg prøvemateriale for å gjennomføre analysane
- At prøven er teken, handtert og transportert på ein korrekt og forsvarleg måte og at transporttida er kortast mogleg

Laboratoriet kan velje undersøking på grunnlag av kliniske opplysningar og den epidemiologiske situasjonen. Dersom rekvirenten ikkje ønskjer dette, må det framgå av rekvisisjonen.

Deponering av prøvetakingsutstyr

Utstyr handsamast og deponerast slik at det ikkje medfører smitterisiko for anna personell.

Oppbevaring av prøver, høve til tilleggsrekvirering

Bakteriologi:

Prøvene oppbevarast i 7 døgn. Fecesprøvar kastast etter 3 døgn.

Tilleggsrekvirering kan vere mogleg om det ikkje er for lenge sidan prøvetaking:

Urin u/tilsetning ≤ 1 døgn

Urin m/borsyre ≤ 4 døgn

Bakteriologiske prøvar ≤ 3 døgn

Anaerobe prøvar ≤ 3 døgn

Gonokokkpåvisning ≤ 1 døgn

Feces til patogene tarmbakteriar ≤ 3 døgn

Feces/parasittar ≤ 3 døgn

Feces til C.difficile toksin A ≤ 3 døgn

Feces til virusundersøkingar ≤ 1 veke

Serologi:

Prøvane vert frosne til serumarkiv. Tilleggsrekvirering er derfor mogleg.

Molekylærbiologi:

Luftvegsprøvar i virus transportmedium (Σ-VCM kit): Oppbevarast i 7 døgn frå mottak i laboratoriet. Tilleggsrekvirering er mogleg.

Kjelder

Mikrobiologiske undersøkelser. Veiledning i taking og forsendelse av mikrobiologiske prøver. 3. utgave, Statens institutt for folkehelse, 1993.

Sist oppdatert

09.08.2019 Karina Astrup